



Trygg og god
overgang
mellom
barnehage og
skole



Innhald

1.0 Føremål med samarbeid om overgang mellom barnehage og skole

- 1.1 Forventningar til føresette
- 1.2 Forventningar til barnehage og skole

2.0 "Greitt å vite"

- 2.1 Barnehage- og skoleår
- 2.2 SFO
- 2.3 Skoleskyss
- 2.4 Målform
- 2.5 PPT
- 2.6 Utsett skolestart
- 2.7 Tidlegare skolestart

Vedlegg

Årshjul overgang barnehage og skole Gossen / Julsundet

1 Føremål med samarbeid om overgang mellom barnehage og skole

Barna skal vere godt førebudd til skolestart.

Godt samarbeid mellom barnehage, skole og føresette er positivt for barna si *utvikling og læring*.

Rammeplan for barnehagen og opplæringslova definerer barnehagen og skolen sine plikter / barna sine rettigheter.

Rammeplan for barnehagen:

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet skal få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt til skulefritidsordninga. Barnehagen og skulen bør utveksle kunnskap og informasjon som utgangspunkt for samarbeid om tilbodet til dei eldste barna i barnehagen, overgangen til skulen og skulestarten. Barnehagen må ha samtykke frå foreldra for å dele opplysningar om enkeltbarn med skulen.

Dei eldste barna skal få høve til å gle seg til å begynne på skulen og oppleve at det er samanheng mellom barnehagen og skulen. Barnehagen skal leggje til rette for at dei eldste barna har med seg erfaringar, kunnskap og ferdigheiter som kan gi dei eit godt grunnlag og god motivasjon for å begynne på skulen. Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehagetida på ein god måte og møte skulen med nysgjerrigheit og tru på eigne evner. Barna skal bli kjende med kva som skjer i skulen og skulefritidsordninga.

Opplæringslova § 13-5, Plikt til å samarbeide med barnehagen om overgangen til skolen:

Skolen skal samarbeide med barnehagen om barna sin overgang frå barnehage til skole og skulefritidsordning. Samarbeidet skal bidra til at barna får ein trygg og god overgang.

Skoleeigaren har hovudansvaret for samarbeidet og skal utarbeide ein plan for overgangen frå barnehage til skole og skulefritidsordning.

Dette dokumentet med vedlegg er Aukra kommune sin plan for overgangen. I planen rommar omgrepet *foreldre* også fosterforeldre eller andre som har ei tilsvarande rolle overfor barn.

1.1 Forventningar til foreldre

Foreldre:

- Samtalar med barnet om skolen
- Snakkar positivt om skole, elevar, tilsette og andre foreldre.
- Bidreg til at alle barn på fritid og i barnehage/skole føler seg inkludert og velkommen
- Går skolevegen saman med barnet
- Sikrar barnet god døgnrytme med nok søvn
- Legg til rette for eit sunt kosthald
- Hjelper barnet til å bli mest mogleg sjølvstendig i påkledning og ved toalettbesøk

- Leser høgt for barnet

1.2 Forventningar til barnehage og skole

Barnehagen og skolen skal i samarbeid legge til rette for barn sin overgang frå barnehage til første årssteg, og eventuelt til SFO.

Om barnehagen skal gi informasjon til skolen om det enkelte barnet må foreldra samtykke til dette. Foreldre må få innsyn i og kunne påverke informasjonsutvekslinga mellom barnehage og skole.

Barnehagen:

- Inviterer alle foreldre til 5-åringane til foreldremøte om hausten siste året i barnehagen
- Har eit eige pedagogisk opplegg for 5-åringane
- Legg til rette for at barnet tek avskjed med barnehagen på ein god måte
- Orienterer foreldre om praksis/plan ved overgang barnehage – skole om barnehagen sitt pedagogiske opplegg, og får diskutere si eiga rolle og medverknad i overgangen.
- Initierer overgangsmøte mellom barnehage og skole for barn som har oppfølging frå fleire instansar. (Overføringsmøtet vert gjennomført etter eiga prosedyre)
- Barnehagelærarar hospiterer minimum 1 dag i skolen for å verte kjent med pedagogisk praksis i 1. og 2. klasse.

Skolen:

- Første besøk på skolen er før nyttår. I dette møtet skal barna mellom anna sjå, klasserom, garderobe og SFO-rom. Dette vert eit utgangspunkt for arbeid i førskoleklubben i barnehagen. Seinare kan barna møte klassevennar, rektor, lærarar og SFO-koordinator.
- Inviterer foreldra til møte i samband med innmelding. Foreldre får informasjon om skolestart og kva for forventningar skolen har til foreldre og skolebarna. Skriftleg invitasjon vert sendt per post.
- Orienterer om regelverket kring skoleskyss, målform og SFO
- Inviterer til foreldremøte i slutten av august/september.
- I løpet av hausten inviterer kontaktlærar til foreldresamtale.
- Lærarar i 1./2. klasse hospiterer minimum 1 dag i barnehagen for å verte kjent med pedagogisk praksis i barnehagen.

2.0 Greitt å vite

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.

2.1 Barnehage- og skoleår

Siste dag i barnehageåret: 14. august

Første skoledag: Følgjer skoleruta

Det vert gitt informasjon i god tid om når SFO startar.

2.2 SFO

Søknadsskjema og vedtekter for SFO ligg på kommunen si heimeside. Søknadsfristen er 1. april.

2.3 Skoleskyss

Som hovudregel har elevar i grunnskolen rett på gratis skoleskyss om dei har meir enn 4 kilometer skoleveg, for 1. klasse gjeld retten dersom eleven har meir enn 2 kilometer skoleveg. Skyss-reglement for elevar i grunnskolen finn ein på heimesida til Møre og Romsdal fylke; www.mrfylke.no/skoleskyss.

Søknadsskjema om skoleskyss er på kommunen si heimeside. Frist 1. april.

2.4 Målform

Hovudmålet i Aukra er nynorsk.

Når minst ti elevar på et av årstrinna 1 - 7 i kommunen ønsker skriftleg opplæring på eit anna hovudmål enn det kommunen har vedteke, har desse elevane rett til å høyre til ei eiga elevgruppe. Slik melding vert gitt til skolen eleven skal gå på i samband med innmeldinga.

2.5 Pedagogisk psykologisk teneste (PPT)

PPT i Aukra Midsund Molde er ei rådgjevande hjelpeteneste for barn, unge og vaksne med særlege opplæringsbehov.

2.6 Utsett skolestart

Utsett skolestart inneber skolestart det kalenderåret barnet fyller sju år. For å få utsett skolestart må vedtak frå kommunen liggje til grunn. Før eit vedtak må PPT gje skriftleg råd i saka.

2.7 Tidlegare skolestart

For å få tidlegare skolestart må vedtak frå kommunen liggje til grunn. Før eit vedtak må PPT gje skriftleg råd i saka.

Vedlegg

- Årshjul Gossen
- Årshjul Julsundet
- Skjema for skriftleg informasjon